

Beskjedar:

Tysdag 10. juni, kl. 15-17, er det Open dag på Sagstad skule. Hald av datoen. 😊

I veke 19 startar 2B opp med symjing, mens 2A og 2C skal ha kroppsøving.

Legg merke til fridagane framover. Sjå skuleruta under.

Markering av 80-årsjubileet for frigjeringsdagen 8.mai 1945

Vi lærer meir om kvifor vi har frigjeringsdagen. Vi har ekstra søkelys på det i år sidan det er eit jubileum.

Fredag 9. mai er det fotballtrøyledag. Barnekreftforeninga inviterer nok ein gong heile Norge til #FotballtrøyeFredag 🏆 🧡

Bytt ut kvardagskledda med drakta til favorittlaget, og bli med i kampen mot barnekreft! Heia heia!!

Ha ei fin veke, helsing 2. trinn.

Dei fantastiske fire!

1. stor bokstav først
2. mellomrom
3. punktum
4. sjekk meininga

Mai						
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø Sø
18				1	2	3 4
19	5	6	7	8	9	10 11
20	12	13	14	15	16	17 18
21	19	20	21	22	23	24 25
22	26	27	28	29	30	31

Offentlig høytidsdag 1.5.
Planleggingsdag 2.5. (Elevfri, SFO og barnehage stengd).
Grunnlovsdag 17.5.
Kristi Himmelfartsdag 29.5.
Elevfri 30.5.

Juni						
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø Sø
22						1
23	2	3	4	5	6	7 8
24	9	10	11	12	13	14 15
25	16	17	18	19	20	21 22
26	23	24	25	26	27	28 29
27	30					

2.pinsedag 9.6.
Siste skuledag før sommarferien 19.6.
Siste dag i SFO før ferien 30.6.

Dette jobbar vi med denne veka:	
NORSK	For lenge, lenge sidan - Eg øver vidare på ei funksjonell handskrift. - Eg er nøye på kor eg startar når eg skal skrive bokstavane. - Eg sjekkar dei fantastiske fire etter eg har skrevet ein tekst. - Eg lærar om runealfabetet. - Eg veit at når vi stiller eit spørsmål, bruker vi ofte eit spørjeord. Til dømes: kven, kva, kvar, kor, kvifor, korleis, kva for ein, kva for nokre, når, kva for eit.
MATTE	Lengde og areal - Eg kan måle og samanlikne lengder og areal med ulike typar måleeiningar. - Ikkje-standardiserte og standardiserte måleeiningar - Eg kan forklare korleis eg har målt og snakke om resultat. - Eg kan lage og følgje reglar og steg-for-steg instruksar i spel.
SOSIALT	- Eg øver med på å setje ord på ulike kjensler. - Eg støttar vener når dei treng meg. - Eg held orden rundt meg i klasserommet og i garderoben.

	Til tysdag	Til onsdag	Til torsdag	Til fredag
NORSK	Les ★ ☾ eller ☀ på s. 96 og 97.	Les ★ ☾ eller ☀ på s. 96 og 97. Skrivelekse: Lag 3 spørsmål til teksten og skriv svaret under.	Les ★ ☾ eller ☀ på s. 100 og 101.	Les ★ ☾ eller ☀ på s. 100 og 101.
MATTE			Gjer s. 110 og 111 i Multi øvebok.	
Hugs:			Levere inn meldemappe og leksebøker.	Hugs: gymsko eller badetøy.